

Diku, Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning, forvaltar Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU). PKU har eit nasjonalt ansvar for å fremja og stimulera kunstnarleg utviklingsarbeid i Noreg. PKU har eit eige programstyre. PKU lyser årleg ut prosjektmidlar til kunstnarleg utviklingsarbeid.

Retningslinjer for å søkja om prosjektstøtte frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid

1 Formelle krav til søknaden

Søknader skal fremjast gjennom ein norsk høgare utdanningsinstitusjon, som kontraktsmessig vil vera prosjekteigar og ha overordna ansvar for gjennomføringa av prosjektet. Alle akkrediterte norske høgare utdanningsinstitusjonar kan søkja. Andre aktørar kan vera aktive partnerar i prosjektet gjennom samarbeid som er forankra i ein høgare utdanningsinstitusjon.

Søknader kan utformast på engelsk eller norsk og skal leverast elektronisk gjennom Dikus søknadssystem **Espresso**.

Ein fagleg leiar skal vera identifisert som ansvarleg søker på vegner av institusjonen (prosjekteigar). Ansvarleg søker er som regel dekan eller instituttleiar.

Institusjonen må også oppnemna ein kunstnarleg forskingsleiar (prosjektkoordinator) som skal ha det faglege ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Forskingsleiaren må ha førstekompetanse og må vera tilsett i minst 50 % stilling ved søkerinstitusjonen i prosjektperioden. Forskingsleiaren må ha satt av nok tid i prosjektarbeidet til at vedkommande kan ivareta prosjektets organisasjon og aktivitetar¹.

Ein søknad kan springa ut frå ein institusjon, og kan ha institusjonelle samarbeidspartnerar. I søknaden må ein oppgje sentrale prosjektdeltakarar som inngår i prosjektgruppa, og eventuelle institusjonelle samarbeidspartnerar. Søklar må også laste opp CV og dokumentasjon på støtte i seksjon 2.8.

Dei økonomiske rammene til programmet er avgrensa, og programstyret har difor innført eit maksimalt søknadsbeløp på tre millionar kroner. Søknadene bør spissast og avgrensast i omfang, og prosjekta bør avgrensa talet på partnerinstitusjonar og prosjektdeltakarar.

I første seksjon av søknadsskjemaet skal det utformast ein kort omtale av prosjektet (prosjektsamandrag). Denne omtalen vil, bli publisert i prosjektkatalogen til Diku dersom prosjektet blir tildelt støtte

Dei ulike tekstfelta i søknaden kan ikkje overskrida maksimalt tal teikn som er oppgjeve. Tekst utover dette kan heller ikkje lastast opp som vedlegg. Obligatoriske felt i søknadsskjemaet er markert med *.

¹ Dette kravet er knytt til sjølve perioden for prosjektgjennomføringa, og midlar til løn for prosjektleiar *kan* inngå som del av finansieringsplanen. Det er såleis ikkje eit krav at prosjektleiaren er tilsett ved institusjonen *før* prosjektet startar opp, men kravet til førstekompetanse må vera oppfylt når søknaden vert sendt inn.

2 Vurderingsgrunnlag

Forskningsprosjektet må ha kunstnarleg praksis som kjerne. Det kan springe ut frå eit kunstnarskap eller frå møte mellom ulike praksisar. Den faglege tydinga prosjektet har for det kunstnarlege forskingsfeltet må koma klart fram.

Målsetjinga er å bringa fram ny og relevant kunnskap frå norske fagmiljø, som blir sett inn i ein internasjonal kontekst. Prosjektet skal ha klare mål for formidling og publisering i relevante kanalar. Kontekst, arbeidsmetodar, kvalitetssikring, organisasjon og kjønnsbalanse vil bli vurdert.

Søknader vil bli vurderte og prioriterte ut frå korleis dei fyller følgjande kriterium:

2.1 Prosjekt sin kunstnarlege idé

Kva er den kunstnarlege kjerna til prosjektet, og kva er dei forventa resultatata?

2.2 Kontekst

Kva nytt bidrag er det forventa at prosjektet vil gje til den faglege diskursen/forskningsfeltet, og kva fagmiljø vil det vera relevant for? Kva prosjekt, retningar eller fagfelt utgjer konteksten til prosjektet?

2.3 Metode

Korleis er det tenkt at ein skal arbeide i prosjektet? Kva kunstnarlege forskingsmetodar vil bli brukt i dei ulike delane av prosjektet?

2.4 Prosjektorganisering

Korleis er prosjektet organisert? Kva ressursar vil vera tilgjengelege for prosjektet, og kven skal gjere kva i dei ulike fasane?

2.5 Aktivitetsplan

Skildr ein aktivitetsplan for prosjektet. Denne kan også lastas opp som vedlegg i seksjon 2.8.

2.6 Formidling og publisering

Korleis vil det kunstnarlege utviklingsarbeidet bli formidla undervegs og i etterkant, og kva konkrete planar er lagt for dokumentasjon og publisering?

2.7 Utfordringar og risikovurderingar

Kva utfordringar vil prosjektet kunne møta?

2.8 Påkravde vedlegg

- Eit brev frå søkjarinstitusjonen som stadfestar og støttar søknaden. I dette brevet må institusjonen (prosjekteigar) også stadfesta at det er gjennomført ein kvalitetskontroll av søknaden med omsyn til tidsbruken til prosjektleiar i prosjektet, at det er en rimeleg kjønnsbalanse blant medarbeidarane i prosjektet, at ulike etiske og miljømessige utfordringar er vurderte og at prosjektet har realistisk budsjett og aktivitetsplan.
- CV for prosjektleiar og andre sentrale deltakarar i prosjektgruppa.
- Brev med stadfesting frå eventuelle oppgjevne partnerinstitusjonar.

Andre vedlegg som kan lastast opp i seksjon 2.8:

- Aktivitetsplan for prosjektperioden.
- Litteraturliste.
- Detaljert finansieringsplan der bidrag frå alle partnerane går fram.

3 Kva kan det søkjast støtte til?

Det kan søkjast om midlar til gjennomføring av prosjekt som varar i opp til fire år. Søknaden til Diku si finansiering av forskingsprosjektet kan ikkje vera på meir enn tre (3) millionar kroner.

Kostnader til dekning av infrastruktur og til bruk av utstyr kan inngå i søknaden. Søkjearinstitusjonen må også stilla egne ressursar til disposisjon i prosjektet. Tildelinga kan ikkje delast mellom fleire partnarar.

Søknaden skal innehalda eit budsjett, spesifisert per kalenderår. Dikus budsjettmal (seksjon 4) må brukast. Programstyret kan gje tilslag på ein lågare sum enn søkjaren har i budsjettforslaget sitt.

Søknad om finansiering av stipendiatstillingar skal gjerast gjennom eige søknadsskjema.

Ein meir detaljert finansieringsplan for kva slags kostnader prosjektet budsjetterer med og bidra frå dei ulike partnerane, kan også lastast opp i seksjon 2.8.

4 Behandling av søknader

PKU engasjerer internasjonale fagfellar for ekstern ekspertvurdering av kvar enkelt prosjektsøknad. Søknader som tidligere er handsama og avviste og som vert sende inn på nytt utan vesentlig omarbeiding vil bli avviste utan ny sakkunnig vurdering.

Fagfellevurderinga vil konkludera med: *klart verdig for støtte*, *verdig for støtte* eller *ikkje verdig for støtte*. Fagfellevurderinga blir gjort tilgjengeleg for søkjarar etter prosjekthandsaminga i PKU-styret. Programstyret legg stor vekt på fagfellevurderingane av den einskilde søknad, men gjer også ei sjølvstendig vurdering av alle søknadene sett mot kvarandre før fordeling av midlane som er disponible i år. Det er stor konkurranse om midlane, og berre eit fåtal av søknadene blir innvilga.

Søknadsfristen er 24. september 2021 kl. 12:00. Det er forventa at programstyret vil gjera vedtak om prosjekttildeling innan utgangen av januar 2022. Alle søkjarar blir kontakta før vedtak om tildeling eller avslag vert gjort offentleg kjent.

Det blir utforma ei kontrakt mellom Diku og søknadsinstitusjonen for gjennomføringa av det enkelte prosjekt som vert tildelt finansiering.

For nærare informasjon om programmet og søknadsprosessen, ta kontakt med administrasjonen i PKU, sjå <https://diku.no/programmer/program-for-kunstnerisk-utviklingsarbeid>

Fastsett i samsvar med vedtak i programstyret den 10.05.2021.